



## Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2021/2022

15. mars 2022

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Prognosar er grunnlag for tiltak mot periodiske overskott. Prognosar er også grunnlag for råd til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer i august, november og mai.

### Tilgangsprognose for norsk korn

Felleskjøpet Agri marknadsregulator sin prognose pr. mars for tilgang av norsk korn er basert på analyse av historisk tilgang mot leveransar så langt i inneverande sesong:

#### Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2016-20	Tilgang 2020	Prognose 2021	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	177 800	225 500	<b>187 000</b>	105 %	83 %
Fôrkveite	130 300	83 000	<b>62 000</b>	48 %	75 %
Kveite i alt	308 100	308 500	<b>249 000</b>	81 %	81 %
Matrug	11 500	7 600	<b>16 000</b>	139 %	211 %
Fôrrug/rugkveite	21 400	25 700	<b>22 000</b>	103 %	86 %
Rug/rugkveite i alt	32 900	33 300	<b>39 000</b>	119 %	117 %
Bygg	541 700	611 900	<b>579 000</b>	107 %	95 %
Havre	254 100	296 600	<b>254 000</b>	100 %	86 %
Korn totalt	<b>1 136 800</b>	<b>1 250 400</b>	<b>1 121 000</b>	<b>99 %</b>	<b>90 %</b>
Erter	3 900	3 800	<b>4 000</b>	103 %	105 %
Oljefrø, åkerbønner	12 000	15 300	<b>13 000</b>	108 %	85 %
Korn, erter, oljefrø	<b>1 152 700</b>	<b>1 269 500</b>	<b>1 138 000</b>	<b>99 %</b>	<b>90 %</b>
Matandel kveite	58 %	73 %	<b>75 %</b>		
Matandel rug/rugkveite	35 %	23 %	<b>41 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er som prognosert i november.

## Fordelinga av matkveiten

Matkveiten er for denne sesongen prognosert fordelt på følgjande proteinklasser:


### Klassefordeling av matkveiten (tonn)

	Tilgang ny matkveite	Overlagra frå 19/20	Tilgang ny og overlagra matkveite	Fordeling
Klasse 1	57 000	38 700	95 700	57 %
Klasse 2	34 000		34 000	
Klasse 3	51 000		51 000	22 %
Klasse 4	27 000		27 000	
Klasse 5	19 000		19 000	20 %
I alt	188 000		226 700	100 %

Figuren under illustrerer fordelinga av matkveiten mellom klassar etter regulering dei to førre åra og før regulering i inneverande sesong.

- Etter sesongen 2019/2020 vart 34 000 tonn klasse 5 omdisponert til fôr og 15 000 tonn klasse 1 overlagra til 2020/2021.
- I 2020/2021 vart 32 000 tonn klasse 5 omdisponert til fôr og 38 700 tonn klasse 1 overlagra til inneverande sesong.

Figuren illustrerer også matmjølindustrien sin reviderte tilråding om optimal klassefordeling – som medfører at etterspørselen etter sterk vårkveite (klasse 1 og 2) er redusert frå 50 % av tilgangen til 30 % og andelen svakare vårkveite (klasse 3) er auka tilsvarande.



Hausten 2020 vart det sådd mykje haustkveite, men store delar overlevde ikkje vinteren og tilgangen av haustkveite vart lav. Sterke vårkveitesortar har blitt populære å dyrke og har fortrent dyrkinga av klasse 3-sortar. Hausten 2021 vart det også sådd mykje haustkveite.

## Forbruksprognose

Koronapandemien har styrka forbruket av kornråvarer både til matmjøl og til kraftfôr.

Prognosen for forbruk av matkorn nedanfor er basert på forbruksstatistikk til og med januar 2022. I prognosen er trendutviklinga i dei fem siste sesongane lagt til grunn:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
2020/2021	274 151	20 608	2 795	38 138	335 692
Prognose 21/22	269 000	19 000	3 000	42 000	333 000
Endring	-1,9 %	-7,8 %	7,3 %	10,1 %	-0,8 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

## Produksjon av kraftfôr


Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 4. kvartal i 2021. Vidare er produksjons- og salsprognosar for husdyrprodukt brukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt. I sin prognose 4. februar signaliserer Tine at tilpassing til reduserte mjølkekvotar vil skje hovudsakleg gjennom redusert yting. «Det er venta ein reduksjon i avdråtten framover på grunn av venta reduksjon i kraftfôrforbruk når produksjonen skal ned. Råvareprisane i kraftfôret er høge, og kraftfôret går for å vere dyrt». I prognosen er omsetninga av kraftfôr til drøvtyggarar difor korrigert med -2 % i forhold til framskriving av trend.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i fjor og til og med 3. kvartal i år er prognosert under:

Kraftfômsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 032 386	463 321	478 921	14 638	1 989 266
4K20 - 3K21	1 046 164	469 909	501 957	14 667	2 032 697
Prognose 21-22	990 000	467 000	508 000	14 000	1 979 000
Endring	-5,4 %	-0,6 %	1,2 %	-4,5 %	-2,6 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Behovet for karbohydratråvarer blir prognosert med utgangspunkt i prognosert omsetning av kraftfôr. I prognosen er lagt til grunn 72,1 % karbohydrat i kraftfôret basert på oppdatert statistikk pr. 4. kvartal i fjor og normal utvikling frå eit kvartal til neste. Registrert utvikling og prognose er illustrert i figuren under:



Dette gir følgende behov for karbohydratråvarer til kraftfôr i norsk kraftfôrindustri:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Kraftfôrsal	1 979 000	
Andel karbohydratråvare	72,1 %	
Behov karbohydratråvarer		1 427 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		58 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 369 000

## VEDLEGG

### Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Kveite i alt	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
2020/21	225 499	83 046	308 545	7 627	25 750	33 377
13. august	168 000	100 000	267 000	8 000	45 000	53 000
16. september	179 000	70 000	249 000	15 000	12 000	27 000
17. november	180 000	64 000	244 000	17 000	21 000	38 000
<b>Prognose</b>	<b>187 000</b>	<b>62 000</b>	<b>249 000</b>	<b>16 000</b>	<b>22 000</b>	<b>39 000</b>

### Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite <sup>1)</sup>
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
2020/21	611 875	296 559	1 250 356	3 819	15 323	23 001
13. august	627 000	306 000	1 253 000	4 000	15 000	-
16. september	630 000	300 000	1 206 000	4 000	8 000	-
17. november	590 000	252 000	1 124 000	4 000	13 000	19 000
<b>Prognose</b>	<b>579 000</b>	<b>254 000</b>	<b>1 121 000</b>	<b>4 000</b>	<b>13 000</b>	<b>20 000</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Blir rekna som fôrrug i statistikk og prognose